



HAREID KOMMUNE

Kvalitetsstandard for helse- og omsorgstenester i Hareid kommune

**Vedteke i kommunestyre i møte
dato 09.12.21**

Velferd
2021





1	Innleiing	3
1.1	Hareid kommune sine verdiar	3
1.2	Målsetting for helse- og omsorgstenestene i Hareid kommune.....	3
1.3	Nasjonale føringar	3
1.4	Sektor for velferd - organisasjonskart	4
1.6	Ord og utrykk.....	5
2	Sakshandsaming	6
2.1	Grunnlag for tildeling	6
2.2	Sakshandsaming i Hareid kommune	7
2.3	Klage på vedtak	8
2.4	Generelle forventningar til den som handsamar søknaden.....	8
2.5	Forventningar til tenesteytar	8
2.6	Forventningar til tenestemottakar	8
3	Tenester.....	9
3.1	Avlastning barn.....	9
3.2	Avlasting i institusjon og heildøgnsbemanna bustad	11
3.3	Bustader	13
3.3.1	Omsorgsbustad med heildøgnsbemanning.....	13
3.3.2	Omsorgsbustad med delvis bemanning	15
3.4	Dagtilbod	17
3.4.1	Dagsenter for eldre	17
3.4.2	Dagaktivitetstilbod/sysselsetting til personar med utviklingshemming	19
3.4.3	Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse – og eller rus utfordring.....	21
3.5	Dag/natt opphold i institusjon	22
3.6	Følgkort.....	23
3.7	Helsetenester i heimen (heimesjukepleie).....	24
3.8	Individuell plan og koordinator	27
3.9	Korttidsopphald	29
3.10	Kreftkoordinator.....	31
3.11	Langtidsopphold i institusjon	32
3.12	Matombering.....	34
3.13	Omsorgsstønad	35
3.14	Parkeringsbevis.....	37
3.15	Personleg assistanse.....	38



3.15.1	Praktisk bistand - daglege gjeremål (heimehjelp)	38
3.15.2	Praktisk bistand - Opplæring; daglege gjeremål (målretta miljøarbeid)	41
3.15.3	Praktisk bistand - Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	42
3.16	Rehabilitering i institusjon	44
3.17	Psykisk helseteneste	46
3.18	Støttekontakt	48
3.19	Tilrettelagd transportordning TT- kort	50
3.20	Tryggleiksalarm	52
3.21	Velferdsteknologi	54
3.22	KAD (kommunalt akutt døgnopphald)	56



1 Innleiing

1.1 Hareid kommune sine verdjar

K valitet

V ilje

A rbeidsglede

M edmenneske

E ffektivitet

I nkluderande

R omsleg

Verdiane skal vise veg og vere ei rettesnor i alt arbeidet vårt.

1.2 Målsetting for helse- og omsorgstenestene i Hareid kommune

Hovudmålet for sektor for velferd er å gi tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar i kombinasjon med tenestene gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Ein kvalitetsstandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i dei ulike helse- og omsorgstenestene våre og er ei presisering av korleis Hareid kommune ønsker å tilby sine tenester til innbyggjarane.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiande for kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert ytt med bakgrunn i myndighetskrav, politiske prioriteringar samt faglege og juridiske vurderingar.

1.3 Nasjonale føringar

Det er dei siste åra lagt fram ei rekke viktige stortingsmeldingar for dagens og morgondagens helse- og omsorgstenester. Her vert det spesielt lagt vekt på brukarmedverknad, førebygging, tidleg innsats og meistring samt heilskaplege og koordinerte tenester og samhandling.

Morgondagens omsorgstenester skal legge til rette for at brukara i større grad vert ein ressurs i eige liv og at lokalsamfunnet sine innbyggjarar mobiliserast på nye måtar og vert ein ressurs for kvarandre. Det skal leggest til rette for at velferdsteknologiske løysingar skal verte ein ressurs for brukarane som dermed får betre høve til meistring i kvardagen. Det skal òg leggest til rette for at ressursane hjå ideelle og frivillige organisasjonar vidareutviklast og vert teke i bruk på nye måtar. Framtida sine brukarar skal ha ei meir aktiv rolle og den nye brukarrolla forutsett ei omsorgsteneste som i større grad enn tidlegare kartlegg og forstår brukaren sine behov. Brukarane skal få informasjon og støtte slik at dei aktivt kan delta i avgjerd som angår dei sjølv og eiga framtid.

Samhandlingsreforma har gitt helse- og omsorgstenestene ny retning. Det skal førebygge framfor å reparere og det skal gjevast tidleg i staden for sein innsats.


Primærhelsemeldinga omhandlar forslag til korleis den kommunale helse- og omsorgstenesta kan utviklast for å møte dagens og framtidens utfordringar. Det vert beskrive tiltak som skal legge til rette for ein fleifagleg og heilskapleg kommunal helse- og omsorgsteneste med god kvalitet og kompetanse. Nye løysingar skal sikre at brukarane får



større innverknad over eigen kvardag, auka valfriheit og eit tilstrekkeleg mangfald av tilbod med god kvalitet. Staten skal ta eit større økonomisk ansvar for å sikre at kommunane bygger ut tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet i omsorgstenesta, og at brukarane får eit likeverdig tilbod.

Regjeringa ønsker å legge vekt på at tenestene skal utformast på ein slik måte at det vert teke omsyn til det enkelte individ sine behov med respekt for eigenverd og livsførsel. Det vises her til «Kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene – Veileder til forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene». Formålet med forskrifta er å isolere og utdjupe allereie eksisterande regelverk med vekt på grunnleggande behov for kvalitet i helse- og omsorgstenestene i kommunane.

1.4 Sektor for velferd - organisasjonskart



1.5 Kommunen sitt ansvar

Kvar enkelt kommune har eit overordna ansvar for organisering og fordeling av heilskaplege og koordinerte helse- og omsorgstenester for sine innbyggjarar.

Kommunen har planleggings- og driftsansvaret for tenestene. Dette omfattar det faglege og økonomiske ansvar samt arbeidsgjevaransvar for dei som arbeidar der. I samsvar med internkontrollforskrifta; «Forskrift om leing og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten» skal kommunen sørge for systematiske tiltak som sikrar at aktivitetane i verksemda vert planlagd, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med dei krav som er fastsatt i helse- og omsorgstenestelovgivinga.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 slår fast kommunen sitt ansvar:

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.

Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukergupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold.»

§ 1-1.Lovens formål

Lovens formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,



2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,
4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,
5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet vert tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,
6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og
7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig.

Kommunen sitt «sørge for – ansvar» etter første ledd inneber plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenesta sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.

Lov om pasient- og brukerreteigheter § 2-1a sei noko om rett til nødvendig hjelp frå kommunen:

*§ 2-1 a. Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste
Pasient og bruker har rett til øyeblikkelig hjelp fra kommunen, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5.*

Pasient og bruker har rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra kommunen.

Pasient og bruker har rett til et verdig tjenestetilbud i samsvar med helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 første ledd, bokstav b.

Kommunen skal gi den som søker eller trenger helse- og omsorgstjenester, de helse- og behandlingmessige opplysninger vedkommende trenger for å ivareta sin rett.


Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som skal anses som helse- og omsorgstjenester som pasient og bruker kan ha rett til.

1.6 Ord og utrykk

- ✓ Tenestemottakar – den som får tenester
- ✓ Tenesteytar – kommunalt tilsette som utfører tenester
- ✓ Omsorgsytar - føresette og pårørende som yter omsorg
- ✓ IPLOS- ein nasjonal standard for registrering av omsorgsdata
- ✓ KPR – Kommunalt pasient- og brukarregister
- ✓ Ansvarsgruppe – møtepunkt med brukar på tvers av fag- og sektorgrenser
- ✓ Individuell plan (IP) – overordna plan for å koordinere tenestene for brukaren
- ✓ Koordinator – ansvarleg for individuell plan og leiing av ansvarsgruppe
- ✓ LEON- prinsippet – lågaste effektive omsorgsnivå



1.7 Omsorgstrappa




2 Sakshandsaming

2.1 Grunnlag for tildeling

Hareid kommune ønsker å:

- ✓ Sikre søkar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behovet for helse- og omsorgstenester
- ✓ Sikre at brukarmedverknad er i fokus både i tildeling og utforming av tenestetilbod. Spørsmålet «Kva er viktig for deg?» skal stillast i alle konsultasjonar
- ✓ Tenestemottakar skal få informasjon og støtte slik at dei aktivt kan delta i utforminga av tenester som vedkjem dei sjølv
- ✓ Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad og i rett mengde med mål om å støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga evne til å meistre kvardagen både i og utanfor heimen
- ✓ Hjelpe tenestemottakar til å bu lengst mogleg i eigen bustad
- ✓ Tildele tenester i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå (LEON) og innanfor gitte økonomiske rammer



2.2 Sakshandsaming i Hareid kommune

- ✓ Søknad om helse- og omsorgsteneste skal handsamast etter aktuelle gjeldande lovar, reglar, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkar
- ✓ Søknaden må vere signert av søkar, ev. med signert fullmakt dersom andre skal søke på vegne av søkar
- ✓ Kommunen tek kontakt med søkar for kartleggingsamtale seinast tre veker etter at signert søknad er motteken
- ✓ Dersom frist satt over ikkje kan overhaldast skal sakshandsamar sende melding til søkar, eit førebels svar, om at sakshandsaminga tek lengre tid enn forventa samt ny dato for svar jf. forvaltningsloven.
- ✓ Det vert gjennomført IPLOS – kartlegging i samarbeid med søkar/pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
- ✓ IPLOS informasjonsbrosjyre vert levert ut til søkarar som vedlegg i vedtak
- ✓ All datainnsamling vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestebehov
- ✓ Søknadar og personlege opplysningar vert handsama konfidensielt og er omfatta av teieplikta
- ✓ Søkar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og pliktar, samt god service prega av tilgjengeleg og imøtekomande personell
- ✓ Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal ystast
- ✓ Vedtak om tenester vert evaluert jamleg, minimum ein gang per år. Ved endring av behov skal tenestemottakar gi beskjed til kommunen



2.3 Klage på vedtak

- ✓ Part, den som er gitt fullmakt eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på enkeltvedtak jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2
- ✓ Klage skal sendast til kommunen. Kommunen vurderarar nye opplysningar i saka og gjer vedtak. Dersom kommunen held fast på vedtaket som det er klaga på vert saka sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd
- ✓ Klagen må settast fram innan klagefristen går ut, dvs. innan 4 veker etter at vedtaket er mottatt
- ✓ Klagen bør vere skriftleg
- ✓ Klagen må innehalde opplysning om kva vedtak det vert klaga over og nye opplysningar knytt til søknaden.

2.4 Generelle forventningar til den som handsamar søknaden

- ✓ Gjev relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta
- ✓ Held teieplikta
- ✓ Møter tenestemottakar med respekt
- ✓ Handsamar søknad samt tildeler tenester etter individuelle og tverrfaglege vurderingar

2.5 Forventningar til tenesteytar

- ✓ Held teieplikta
- ✓ Møter tenestemottakar med respekt
- ✓ Utfører tenestene i tråd med vedtak
- ✓ Er kjent med at det ikkje er høve til å ta i mot pengebeløp eller større gåver jf. Hareid kommune sine etiske retningslinjer
- ✓ Har ansvar for rutinar, prosedyrar og henting av samtykke for utføring av sine tenester

2.6 Forventningar til tenestemottakar

- ✓ Gjev nødvendig informasjon, samt samtykke til å kunne hente inn relevante opplysningar for vurdering og tildeling av tenester
- ✓ Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket
- ✓ Sikre at eventuelle husdyr i heimen ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- ✓ Sørge for at huset er godt utlufta før tilsette kjem, dersom det vert røykt i heimen
- ✓ Gjev beskjed om endring av behov til aktuell eining eller tenesteytar
- ✓ Respekterer arbeidstida til tenesteytar og brukar vakttelefon utanom ordinær kontortid
- ✓ Melder frå til tenesteytar om behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt klage
- ✓ Sikrar at vegen fram til eigen bustad er framcomeleg
- ✓ Gjev tenesteytar tilgang til bustad, t.d. nøkkel eller kode til dør
- ✓ Sikrar lys utandørs slik at det er lett for tenesteytar å finne fram
- ✓ Aksepterer at det vert lagt til rette i bustaden, f.eks. med hjelpemiddel og ommøblering



3 Tenester

3.1 Avlastning barn

Type teneste	Avlastning barn
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 d. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Retten til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLoS-registrering	Ja. IPLoS-tenestetype 7: Avlastning utanfor institusjon. IPLoS-tenestetype 8: Avlastning i institusjon.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Hindre overbelastning, gje omsorgsytar nødvendig fritid og ferie og mogelegheit til å ta del i vanlege samfunnsaktivitetar.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid • Omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa mogelegheit til nødvendig og regelmessig ferie/ fritid for omsorgsyta • Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og langt større enn det som er normalt å forvente ut frå barnet sin alder
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Avlastning kan skje i heimen til barnet, i anna privat heim eller bustad velferd disponerar til avlastning • Tildeling av avlastning vert vurdert opp mot andre tenester og tiltak frå kommunen • Ekstra avlastingstilbodet gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar • Ved behov for avlastning utover det som ligg i vedtaket må føresette søke særskilt om dette. Til dømes feriestengd skule eller barnehage • Barnet må ha med nødvendig personleg utstyr, klede, sko, medisinar, hjelpemiddel m.m. når dei skal på avlastning
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer på ein respektfull måte overfor barn og foreldre • Utarbeider tidsfesta plan for avlastning • Utpeiker kontaktperson eller primærkontakt til barnet
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none"> • Utgifter til aktivitetar som t.d. bowling, kino, bading etc. Det kan difor vere greitt at barnet har med litt «lomme pengar» for å ha høve til å delta på slike aktivitetar i samband med avlastinga
Forventningar til tenestemottakar/	<ul style="list-style-type: none"> • Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket



føresatte	<ul style="list-style-type: none">• Sørger for transport til/frå avlasting (om ikkje anna er avtalt med tenesteytar), inkludert transport av nødvendig utstyr• Gjev beskjed så snart som råd dersom barnet ikkje kjem til avtalt tid
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.




3.2 Avlasting i institusjon og heildøgnsbemanna bustad

Type teneste	Avlasting i institusjon og heildøgnsbemanna bustad
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 d. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 8: Avlasting i institusjon.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • At pårørende har eit særleg tyngande omsorgsarbeid • At omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie/fritid for omsorgsytaren • Den omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnet • Omsorgsbehovet må vere omfattande og av fysisk, psykisk eller sosial karakter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Avlastinga er tidsavgrensa • Den som skal på avlastingsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin/multidose, tekniske hjelpemiddel og medisinsk forbruksmateriell • Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet etter faglege vurderingar • Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå avlastingsopphaldet • Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastingsopphaldet kan det bestillast transport via Pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille • Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen
Tenesta inkluderer ikkje	<ul style="list-style-type: none"> • Utgreiing, behandling eller rehabilitering • Oppfølging frå sjukeheimslege. Ved behov for lege må fastlege eller legevakt nyttast og betalast av tenestemottakar • Vask av private kle • Medisin og anna medisinsk forbruksmateriell
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer på ein respektfull måte • Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og egne ressursar



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Har med seg nødvendige medisinar og forbruksmateriell• Opptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Utfører sjølv det han/ho meistrar av daglege aktivitetar• Sørgjer for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.





3.3 Bustader

Hareid kommune manglar per i dag tilbod om barnebustad

3.3.1 Omsorgsbustad med heildøgnsbemanning

Type teneste	Bustad med heildøgns bemanning bu- og habiliteringstenesta
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-7. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 13 Anna bustad nytta til pleieføremål.
Kostnad	Bebuar inngår husleigekontrakt og betalar husleige og straum til kommunen.
Mål for tenesta	Å kunne huse bebuarar med nedsett funksjonsnivå slik at desse kan ha eit mest mogleg sjølvstendig liv.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap med behov for tilsyn/omsorg heile eller delar av døgnet
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen har heildøgnsbemanna bustadar knytt til bu- og habiliteringstenesta Kan vere ulike kriterier som ligg til grunn for tildeling av dei bustadane Søkar kan ikkje søke på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustad som er ledig og stettar behova til søkaren Dersom ein takkar nei til tildelt bustad vert saka avslutta og det må søkast på nytt dersom behovet endrar seg Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova Leigetakar kan søke bustøtte hjå Husbanken Leigetakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring Tenestemottakar må sjølv melde flytting til folkeregisteret, posten mm.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvar Nedvask av bustad
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> Tenesteytar opptretr respektfullt i møte med tenestemottakar Vidareformidle meldingar om feil eller manglar ved bygget til eigedom og FDV via Famac



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar• Deltak i dagleglivet sine gjeremål i den grad vedkomande klarar det• Søker om tenester i bustaden som til dømes matombering• Gjer seg kjend med vedtak• Bebuar seier opp bustad ved opphøyr. Bebuar/pårørande har ansvar for utflytting og nedvask av bustaden. Husleige skal betalast til den 15. ved utflytting første halvdel av månaden og for heile månaden ved utflytting i siste halvdel.• Utflytting og nedvask vert gjort snarast råd etter at leigebehovet er avslutta
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.3.2 Omsorgsbustad med delvis bemanning

Type teneste	Omsorgsbustad med bemanning delar av døgnet
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-7. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 12: Omsorgsbustad. IPLOS-tenestetype 13: Anna bustad nytta til pleieføremål.
Kostnad	Bebuar tildelt teneste 12 inngår husleigekontrakt med sektor for kommunale bygg og betaler husleige og straum. Tenestemottakar tildelt teneste 13 betalar døgnpriis etter kommunalt vedteke sats.
Mål for tenesta	Omsorgsbustaden skal bidra til at bebuaren kan vere mest mogleg sjølvstendig og trygg samt at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg. Tildeling skjer etter LEON-prinsippet.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Søkar treng særskilt tilrettelagt bustad og er ikkje i stand til å skaffe dette sjølv eller få hjelp til dette med andre • Helsemessige, økonomiske, psykiske eller sosiale forhold må ligge til grunn for tilbod om omsorgsbustad gjennom kommunen • Søkar må som hovudregel ha vore folkeregistrert i kommunen i minst dei to siste åra
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har 35 omsorgsbustader der 33 vert nytta til langtidsutleige og 2 til tidsavgrensa opphald • Leigetakar får ikkje automatisk tildelt andre tenester og må søke på lik linje med andre heimebuande. Tildeling av andre tenester vert gjort ut frå individuelle vurderingar <p>Særskilt for omsorgsbustader:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Ved tildeling av omsorgsbustad vet det inngått husleigekontrakt med Hareid kommune, kommunal eigedom ○ Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova ○ Husleigesats er per dags dato 34,5% av brutto inntekt eller maksimum kr 7.930 og skal betalast innan den 20. kvar månad ○ Leigetakar kan søke bustønad hjå Husbanken. Søknad om stønad vert sendt ilag med signert leigekontrakt til utleigeansvarleg, kommunal eigedom ○ Søkar kan ikkje søke på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustad som er ledig og stettar behova til søkar ○ Om ein takkar nei til tildelt bustad vert saka avslutta og det må søkast på nytt dersom behovet endrar seg ○ Tenestemottakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring



	<ul style="list-style-type: none">○ Bebuar som ikkje greier å vaske opp for hand vert oppmoda om å skaffe oppvaskmaskin for benk○ Tenestemottakar må sjølv melde flytting til folkeregisteret, posten mm. <p>Særskilt for tidsavgrensa opphald:</p> <ul style="list-style-type: none">○ Lengde på tidsavgrensa opphald vert regulert gjennom individuell vurdering og enkeltvedtak○ Opphaldet kan verte gitt som betalingsopphald eller avlastningsopphald (gratis) ut frå individuelle vurderingar○ Opphald kan gis til heimebuande med kronisk eller akutt funksjonstap der det ikkje er behov for sjukeheim eller sjukehusopphald○ Kan gis til pasientar som eit mellomledd til heim etter utskriving frå sjukeheim eller sjukehus
Tenesta inkluderar ikkje	<ul style="list-style-type: none">• Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvar for omsorgsbustader med langtidleige.
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Vidareformidle meldingar om feil eller manglar ved husværet til kommunal eigendom via heimetenesta
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar og medbebuarar• Deltek i daglege gjeremål i den grad vedkomande klarar det• Søker om tenester i bustaden, som til dømes heimesjukepleie, matombering og praktisk bistand (heimehjelp)• Gjer seg kjend med vedtaket• Har vurdert nødvendige utbetringar av eigen bustad før ein søker omsorgsbustad• Har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram• Bebuar eller pårørande seier skriftleg opp bustad ved opphøyr og tek ansvar for nedvask ved utflytting. Oppseiing sendast til kommunal eigendom• Gjev beskjed til heimeteneste dersom ein oppdagar manglar eller skade på husværet• Gjev beskjed til heimetenestene dersom ein reiser bort ei periode
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.4 Dagtilbod

3.4.1 Dagsenter for eldre

Type teneste	Dagsenter for eldre
Lovgrunnlag	Tilbodet er ikkje heimla i lov, med unntak av dagtilbod for heimebuande personar med demens som er heimla i Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2, første ledd pkt. 7.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukarrettigheiter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: Dagaktivitetstilbod.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande satsar fastsett av kommunestyret.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at eldre som bur heime får ein meningsfull kvardag og kan bu heime lengst mogleg • Førebygge behov for omfattande tenester i heimen eller institusjonsplass • Gje tenestemottakar eit rikt, variert og meningsfullt aktivitetstilbod • Fremje god helse gjennom aktivitet
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Funksjonssvikt som gjer at søkar kan ha nytte av eit tilbod på dagsenteret. • Må kunne nyttiggjere seg av tilbodet og kunne fungere i ei gruppe slik at aktivitetane bidreg til å vedlikehalde funksjonsnivået <p>Særskilt om dagtilbod til personar med demens:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Mottakar må ha ein viss fysisk funksjon ○ Mottakar må ha ein demensdiagnose, eller vere under utgreiing for demens
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Dagsenteret er eit aktivitetstilbod for heimebuande med hjelpe-/omsorgsbehov • Tilbodet vert hovudsakleg retta mot personar med demens • Måndag og onsdag: oppmøte ved dagsenter • Tysdag og torsdag: individuell oppfølging av demente i heim • Tilbodet inkluderer frukost, middag/kaffi og deltaking i gruppeaktivitetar • Dagsturar kan ha ein eigenandel • Dagsenteret held til ved hovudinngangen til Hareid sjukeheim og er ope måndag og onsdag • Opningstida er kl. 10-15 • Dagsenteret er stengt fire veker om sommaren, samt alle heilag dagar • Tenestemottakar kan få ein prøvedag før oppstart av teneste etter motteke og innvilga søknad



	<ul style="list-style-type: none">• Prøvedagen er gratis og må vere på den vekedagen det er aktuelt å ha plass• Dagsenteret arrangerer ulike temaveker, som t.d. mat-, vinter- og erindringsveke, aktivitetar som fylgjer årstider/høgtider samt matlaging, konsertar, erindringsgruppe og diverse handverkstema etter sesong. Dei kan ta del i aktuelle arrangement som skjer på Hadartun og også time med frisør og/eller fotpleie• Dagsenteret har som mål å tilby fysisk aktivitet kvar dag t.d. trim, turar, sittedans, styrke- og balansetrening
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• At det vert gitt beskjed så snart som råd om vedkomande ikkje kan delta på dagtilbodet• Tek med nødvendig medisin og hjelpemiddel• Ansvar for forsvarleg tilkomst til bustaden dersom du nyttar transportteneste frå kommunen. T.d. brøyting/strøing på vinterstid
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.4.2 Dagaktivitetstilbud/syssetsetting til personar med utviklingshemming

Type teneste	Dagaktivitetstilbud til personar med funksjonsnedsetting
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 b. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: Dagaktivitetstilbud.
Kostnad	Tenestemottakar betalar kostpengar.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Gje trivsel og hjelp til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/aktivitet ut frå eigen føresetnad• Ha ein strukturert og meningsfull kvardag• Vere deltakar i ein sosial samanheng• Ivareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Tenesta er eit tilbod til personar over 16 år som har medfødt eller erverva skade – frå lettare grad til multifunksjonsnedsetting og som av ulike årsaker ikkje kan delta i vanleg arbeidsliv• Brukar har behov for å auke evne til eigenomsorg – fysisk, psykisk og/eller sosialt• Brukar har behov for rettleiing, trening, aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Dagaktivitetstilbud er eit tilpassa dagtilbod for menneske som bur i Hareid kommune og av ulike årsakar har funksjonsnedsetting• Dagtilbodet er per i dag lokalisert på to ulike plassar:<ul style="list-style-type: none">○ Sanzibar i Kjøpmannsgata 1○ I lokala til Fellesskapet dagsenter i underetasjen ved Hadartun• Tilbodet til brukara av dagsenteret vert individuelt tilrettelagt ut frå den einkilde sine behov for aktivisering, trening og meistring. For mange er dagsenteret ein arbeidsplass der tilpassa arbeidsoppgåver gjev auka sjølvkjensle, glede og meining i kvardagen• Tenesta kan bli tildelt inntil 5 dagar i veka, måndag –fredag 09:00 – 14:30 og onsdag/torsdag 18:30 – 20:30



	<ul style="list-style-type: none">• Dagsenteret er stengt tre veker om sommaren, alle heilag dagar og dagane mellom jul- og nyttårshelg og i påskeveka
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Følge til fastlege/lege/tannhelseteneste eller spesialisthelsetenesta
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Brukar vert møtt med respekt og forståing• Tilbodet vert tilrettelagt slik at den einskilde føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer• Open dialog og tett samarbeid om utforming av tenesta til brukar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Deltaking i eige tilbod• Oppmøte etter avtale• Det vert gitt beskjed dersom han/ho ikkje kan møte opp/delta• Tek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.4.3 Dagaktivitetstilbud til personar med psykisk helse – og eller rus utfordring

Type teneste	Dagaktivitetstilbud til personar med psykisk helse- og/eller rusutfordring
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-3.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 4: Dagaktivitetstilbud.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Eit helsefremmande tiltak som skal bidra til auka sosial deltaking i eit fellesskap og nettverksbygging. Førebygge isolasjon samt motivere og gje hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> Fellesskapet dagaktivitetstilbud er eit lågterskeltilbud for menneske over 18 år som har psykiske vanskar/lidingar og eventuelt rusproblem Tenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> Fellesskapet dagaktivitetstilbud held til i 1. etasje ved Hadartun med eigen inngong ned mot sentrum Opningstid er måndag 11:30 – 15:00 Ved Fellesskapet møtest tenestemottakar i ei trygg og open atmosfære og driv ulike aktivitetar med dei ressursar de har Fellesskapet er i stor grad brukarstyrt og brukarane er med å forme dagane sjølve Tilbod om kreativ aktivitet, trim, friluftaktivitet og lesegruppe Det kan vere aktuelt med eigenandel til utgift ved turar og felles lunsj Fellesskapet har 4 veker sommarstengt
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje høve til kommunal transport til og frå tenestetilbodet
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakarar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar Opptrer respektfullt i møte med andre brukarar Tek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.5 Dag/natt opphold i institusjon

Type teneste	Dag- eller nattopphold i institusjon
Lovgrunnlag	<p>Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2, nr 5.</p> <p>Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1 a andre ledd.</p>
Rett til klage	<p>Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.</p>
IPLOS-registrering	<p>Ja.</p> <p>IPLOS-tenestetype 17: Dagopphald i institusjon.</p> <p>IPLOS-tenestetype 22: Nattopphald i institusjon.</p>
Kostnad	<p>Krav om eigenbetaling for dag- og nattopphald jf. Vederlagsforskrifta.</p>
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> Tilbod til heimebuande med omfattande hjelpebehov som ikkje kan dekkast i eigen heim eller av andre tenestetilbod
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> Tenesta skal vere av førebyggjande eller reh-/ habiliterande karakter som til dømes: <ul style="list-style-type: none"> Vedlikehalde fysiske, psykiske eller sosiale ferdigheiter Vere eit ledd i eit vurdering eller rehabiliteringsopplegg Førebygge einsemd Førebygge behov for omfattande heimeteneste eller heildøgns omsorgsteneste
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> Tenesta inkluderer aktivisering, sosial stimulering og pleie og omsorg ved svekka funksjonsnivå Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet kan det bestillast transport via pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille Den som tek i mot dag-/nattopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> Transport til og frå opphaldet
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> Opptre på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket Brukar utfører sjølv det han/ho meistrar
Merknad	<p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.</p>



3.6 Følgekort

Type teneste	Følgekort
Lovgrunnlag	Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.
Rett til klage	Nei.
IPLOS-registrering	Nei.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Motverke isolasjon og bidra til auka livskvalitet hjå menneske med nedsett funksjonsnivå.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Brukaren har fysiske og/eller psykiske utfordringar som fører til at han/ho har behov for følgeperson ved t.d. kinobesøk, kulturelle arrangement osv.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Følgekortet er eit dokument som er utforma som eit kort med bilete av brukaren. Kortet kan brukaren vise ved inngang til t.d. kino eller andre kulturelle arrangement då det kan gje følgeperson gratis inngang eller reduksjon i pris• Følgekortet er tidsavgrensa til maksimalt 3 år• Det er servicetorg og politisk sekretariat som handsamar søknad og utstedar følgekort
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Det går fram av beviset om brukar har trong for ein eller to personar som følge
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gjev nødvendige opplysningar i høve til søknad, inklusiv passfoto• Må levere legeerklæring ilag med søknaden• Gjer seg kjend med korleis følgekortet skal nyttast• Tek kontakt med kommunen ved endring i eigen situasjon• Søker på nytt, inkl. nytt passfoto, før følgekortet går ut på dato. Det står utløpsdato på kortet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.7 Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)

Type teneste	Heimesjukepleie
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6a. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 15: Helsetenester i heimen.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling for tenesta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Gje tenestetilbod på rett nivå ut frå individuell kartlegging av tenestemottakar sine behov• Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne• Tenestemottakar klarer seg i eigen bustad med nødvendig hjelp• Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Tenesta vert tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen og som oppfyll kriterium for å få nødvendig helsehjelp. Du må heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ta i vare eiga helse på ein fagleg forsvarleg måte• Tenesta er behovsprøvd og tidsavgrensa
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Om nødvendig kan tenesta starte opp før søknad og formell sakshandsaming er på plass. Saka vert då handsama i etterkant dersom behovet varer ut over 14 dagar• Heimesjukepleie er ei døgnteneste• Heimesjukepleia utfører oppgåver som brukar sjølv ikkje klarer, til dømes:<ul style="list-style-type: none">○ Hjelp til personleg hygiene (dusj minst ein gong anna kvar veke)○ Hjelp til toalettbesøk○ Hjelp til ernæring/tilrettelegging av måltid der tenestemottakar av helsemessige årsakar ikkje kan ivareta dette sjølv eller er i risiko for feil-/underernæring○ Legemiddelhandtering○ Medisinske vurderingar i samråd med lege, nødvendige observasjonar, rådgjeving og tilrettelegging i høve sjukdom og førebygging○ Opplæring og vedlikehald av ferdigheiter for å ivareta eiga helse○ Pleie av alvorleg sjuke og døyande○ Der brukar ikkje kan oppsøke legekantoret kan heimesjukepleia også gje anna hjelp t.d. sårbehandling, injeksjonar og blodprøver



	<ul style="list-style-type: none">• Hovudtyngda av bistand til å stå opp/personleg hygiene om morgonen vert gitt i tida 08:30 - 11.30• Hovudtyngda av bistand til personleg hygiene og legging på kveld vert gitt i tida 19.00 - 22.00• Alle som har helsetenester i heimen minst ein gong per veke i tre månader eller meir har rett til gratis nødvendig tannbehandling frå den offentlege tannhelsetenesta jf. Lov om tannhelsetenester• Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst• Kvar enkelt oppdrag vert utført ut frå behov for fagkompetanse og kan verte ytt av både kvinner og menn
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Fylgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim• Skyss/transport i bil• Handle mat-/daglegvarer• Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, ta blodprøver, urinprøver, injeksjonar m.m.)• Fysiske tilsyn vert som hovudregel ikkje utført utan at det ligg føre konkrete hjelpebehov
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim• Gjer seg kjent med og utfører tiltak etter prosedyre• Gjev beskjed til tenestemottakar så snart som råd om avtalar må endrast• Bidrar til at tenestemottakar og pårørande sine ønsker for livet sine siste dagar vert imøtekomen så langt som råd er• Skal ikkje handtere brukar sine kontantar eller bankkort
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Er tilstade når tenesteytar kjem• Gje beskjed til heimetenesta dersom ein ikkje er heime til avtala tid• Gjere mest mogleg sjølv i den grad ein greier det• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar• Samarbeide ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen, for å ivareta god helsehjelp og arbeidsmiljøet til tenesteytar• Gje heimetenesta tilgang til nøkkel dersom det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv• Halde husdyr i trygg forvaring så lenge tenesteytar er i bustaden• Lukte bustaden før hjelp samt halde bustaden røykfritt så lenge tenesteytar er tilstade• Sørge for snømåking og strøing frå tilkomstveg og fram til inngangsdør (har du dagleg hjelp frå



	heimetenesta får du gratis kommunal brøyting av tilkomstveg)
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.8 Individuell plan og koordinator

Type teneste	Individuell plan og koordinator
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-1, § 7-1, § 7-2 og § 7-3. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5.
Retten til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Nei. Det elektroniske fagverktøyet Sampro vert nytta
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	At tenestemottakar opplever at tenestetilboda er meir samordna, og han/ho har ein fast kontaktperson i kommunen.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Alle som har bruk for fleire og langvarige helse- og omsorgstjenester kan få individuell plan og koordinator dersom dei ønsker det• I vurderinga skal også tiltak frå andre sektorar takast med• Retten til individuell plan er uavhengig av alder, diagnose og funksjon
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Individuell plan er ein prosess for korleis tenestene ein person treng skal medverke saman slik at vedkomande får ei heilskapleg oppfølging tilpassa sine behov• Koordinator er ein av fagpersonane til tenestemottakar som koordinerer tenestene og sikrar framdrift i arbeidet med den individuelle planen til vedkomande. Ulike yrkesgrupper kan ha rolla som koordinator. Tenestemottakar sine ønskjer skal vektleggjast ved val av koordinator• Koordinator sørgjer for at tenestemottakar, og eventuelt pårørande, vert involverte tett i arbeidet med planen
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Forventningar til dei som tildeler tenesta:<ul style="list-style-type: none">○ Informere om og tildele individuell plan og koordinator der dei ser det kan vere eit behov for dette• Forventningar til koordinator:<ul style="list-style-type: none">○ Involvere tenestemottakar og utarbeide ein plan basert på måla til vedkomande○ Ha oversikt over situasjonen til tenestemottakar○ Bidra til at koordinerte tenester samarbeida○ Bidra til at tenestemottakar opplever at tenestene heng saman slik at vedkomande kan jobbe mot å nå måla sine



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan• Vere deltakar i ansvarsgruppemøter• Gje tilstrekkeleg fritak frå teieplikta, for at fagpersonane kan samarbeide
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.9 Korttidsopphald

Type teneste	Korttidsopphald i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2, 6c. Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1 a andre ledd.
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.
IPLoS-registrering	Ja. IPLoS-tenestetype 18: Tidsavgrensa opphald: Utgreiing og behandling. IPLoS-tenestetype 20: Tidsavgrensa opphald: Anna.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphald i institusjon jf. Vederlagsforskrifta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ein tidsavgrensa periode der tenestemottakar har behov for behandling og/eller vanskar med å fungere i eigen heim med tilrettelagt hjelp • Formålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgkontinuerleg observasjon, oppfølging og behandling • Behov for terminalpleie og palliativ behandling • Ved behov for observasjon og vurdering må det først avklarast med lege om behovet er av ei slik art at nødvendig helsehjelp må gis av spesialisthelsetenesta • Andre relevante tiltak skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ønske tenesta • <u>Tidsavgrensa opphald: Utgreiing og behandling:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Behov for tettare medisinsk og funksjonsmessig observasjon, oppfølging og behandling ○ Ved utskriving frå sjukehus er det vurdert som ikkje hensiktsmessig å prøve heim før rett omsorgsnivå er kartlagt og vurdert ○ Opphaldet må av sjukehuset vere avklart med tenestemottakar ○ Opphaldet kan omfatte både utgreiing og behandling ○ Slikt opphald kan nyttast ved behov for avklaring av rett omsorgsnivå (t.d. etter søknad om sjukeheimplass) • <u>Tidsavgrensa opphald: Anna:</u>



	<ul style="list-style-type: none">○ Gjeld andre opphald som verken er utgreiing/behandling, rehabilitering, avlasting eller øyeblikkeleg hjelpopphald
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Eigenbetalinga dekker kost, losji og legemiddel under opphaldet• Tenestemottakar får oppfølging frå sjukeheimslege ved behov• Tenestemottakar må ha med nødvendig personleg utstyr, klede og toalettsaker• Tenestemottakar må ha med tekniske hjelpemiddel dersom eininga ikkje har dette tilgjengeleg• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsopphaldet• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet kan det bestillast transport via Pasientreiser. Helsepersonell kan hjelpe til å bestille• Det kan verte aktuelt å dele rom med anna pasient
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Transport til og frå opphaldet
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Skal opptre på ein respektfull måte• Skal legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer på ein respektfull måte overfor tilsette og medpasientar• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket• Utfører sjølv det han/ho meistrar av eigenomsorg og daglege aktivitetar• Sørge for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.10 Kreftkoordinator

Type teneste	Kreftkoordinator
Lovgrunnlag	Tenesta er ikkje heimla i lov.
Rett til klage	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ingen formell Rett til klage.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetilbod 252: Kreftsjukepleie
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling
Mål for tenesta	Koordinatoren er med på å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i kommunen.
Kriterier for tildeling	Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod der pasient eller andre kan ta kontakt i alle fasar av sjukdomsutviklinga. Tilbodet gjeld både pasient, pårørande, helsepersonell og andre aktuelle.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Kreftkoordinator kan tilby hjelp og støtte til kreftramma og deira pårørande • Kreftkoordinator kan vere bindeledd mellom fastlege, spesialisthelsetenesta og kommunen samt formidle kontakt mellom dei ulike kommunale tenestene • Kreftkoordinator kan svare på faglege spørsmål, gje rettleiing og samtalar samt bidra til trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen • Kreftkoordinator kan vere ein støttespelar for barn og unge som er ramma av kreft eller som er pårørande til kreftsjuke • Kreftkoordinator er ikkje ei døgnbemanna teneste • Kreftkoordinator erstattar ikkje andre tenester, som t.d. heimeteneste, praktisk bistand eller støttekontakt
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Viser respekt for den enkelte brukar og familie • Bidreg til å utforme tenesta i samråd med tenestemottakar og ut frå individuelle vurderingar • Gjev beskjed så snart som råd om avtalar må endrast • Bidreg til at tenestemottakar og pårørande sine ønsker kring livet sine siste dagar vert avklart og imøtekomen så langt som råd er • Viser vidare og koplar inn andre tenester når ein ser behov for dette • Er sentral i utarbeiding av palliativ plan eller hjelper medkollegaer i dette arbeidet
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Er tilstade/ møter opp ved avtala heimebesøk eller møter • Meldar frå snarast ved eventuelle endringar kring avtale • Opptrer respektfullt ovanfor tenesteytar
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.11 Langtidsopphold i institusjon

Type teneste	Langtidsplass i institusjon
Lovgrunnlag	<p>Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 c. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a. Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgnstenester.</p>
Rett til klage	<p>Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</p>
IPLOS-registrering	<p>Ja. IPLOS-tenestetypetype 21: Langtidsopphald i institusjon.</p>
Kostnad	<p>Det er krav om vederlagsbetaling for langtidsopphald jf. Vederlagsforskrifta.</p>
Mål for tenesta	<p>Yte pleie og omsorg til tenestemottakarar som har eit omfattande og døgnkontinuerleg hjelpebehov som ikkje kan dekkjast på forsvarleg måte i eigen heim.</p>
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap med behov for tilsyn/omsorg heile døgnet. Tiltak og tenester i heimen skal vere prøvd og/eller vurdert, utan å gje tilfredsstillande kompensasjon for funksjonstapet før tildeling.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Langtidsopphald i sjukeheim inneber: <ul style="list-style-type: none"> ○ Døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa ○ Regelmessig tilsyn av lege og etter behov ○ Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov ○ Tilbod om ergo- og fysioterapeutteneste etter behov • Vederlaget dekkjer kost, losji, medisinar m.m. samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 • Tenester som ikkje er eit kommunalt ansvar, t.d. spesialisthelsetenesta, inkl. reise til og frå, må du betale eigenandel for • Langtidsopphaldet kan endrast dersom tenestemottakar si helse og funksjonsnivå endrar karakter slik at heildøgnsomsorg ikkje lenger er nødvendig • Romet kan møblerast i samråd med institusjonen, men skal ikkje vere til hinder for godt arbeidsmiljø for tenesteytar • Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgns pleie og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (jf. forskrift om venteliste) • Personar som har plass på skjerma eining kan bli flytta til ein somatisk eining dersom fysisk sjukdom og behov for pleie vert dominerande



	<ul style="list-style-type: none">• Dersom pårørende ønsker å ta tenestemottakar heim for kortare periode og det er behov for helsetenester i form av hjelp til personlig hygiene og medisinsk oppfølging utover det familien sjølv klare, må det utarbeidast ein avtale i god tid i førevegen
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	Kostnader/utgifter som ikkje inngår i vederlaget: <ul style="list-style-type: none">• Telefonutgifter og avisabonnemement• Frisør• Fotpleie• Andre velværebehandlinger• Klede• Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr• Privat tannlege og fastlegetimar• Brillar og høyreapparat
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer på ein respektfull måte overfor tenestemottakar og pårørende• Gi hjelp til eigenomsorg i samsvar med tenestemottakar sine egne ressursar samt legg til rette for å oppnå optimalt funksjonsnivå
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gi nødvendige opplysningar i samband med vederlagsberekning• Tenestemottakar, pårørende eller verje meldar flytting til folkeregisteret, posten m.m.• Tek ansvar for personlege verdisaker• Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen• Sørger for å merke private klede med namn• Utfører sjølv det han/ho meistrar• Pårørende skal som hovudregel følge til tannlege, undersøkingar, kontrollar mm.• Tenestemottakar og pårørende forstår at vedtaket kan bli endra ved betring av funksjon, og der behov for heildøgns pleie og omsorg ikkje lenger er tilstade
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.12 Matombering

Type teneste	Matombering
Lovgrunnlag	Matombering kan tildelast som ei serviceteneste, eller i enkelte høve som helseteneste, jf. Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 a og Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a annet ledd.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLoS-registrering	Ja. IPLoS-tenestetype 5: Matombering.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling per middag.
Mål for tenesta	Matombering skal medverke til at heimebuande som ikkje er i stand til å lage middag sjølv får tilstrekkeleg ernæring slik at dei kan bu heime lengst mogleg.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Eldre og personar med nedsett funksjonsnivå som ikkje greier å lage middag sjølv • Heimebuande som ikkje er i stand til å take i vare ernæringsbehovet sitt på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonsnedsetting • Tenestemottakar må forplikte seg til faste leveringsdagar
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakar får levert mat ut i frå behov, t.d. medisinsk dokumentert diett eller findelt mat ved tannhelseproblem (medisinske behov) • Kvar middag er porsjonspakket og vert levert varm frå kjøkenet ved sjukeheimen • Faktura vert sendt ut på etterskot kvar månad • Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan klokka 12. 00 dagen før • Tenestemottakar får utdelt vekemeny for komande veke
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Middag vert levert i samsvar med vedtak, og i følge forskrift om næringsmiddelhygiene § 13 kapitel V
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket • Gi beskjed om behov for eventuelt diett • Må varsle kjøkenet per telefon eller digital innbyggardialog (Helsenorge) seinast kl. 12 dagen før om ein ikkje kan ta imot middag på avtalt dag • Må vere til stades ved levering eller ha gjort eigen avtale med kjøken/ matkøyrar • Behov for endring på utleveringsdagar må avklarast med kjøkenet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.13 Omsorgstønad

Type teneste	Omsorgstønad
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-6. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
IPLoS-registrering	Ja IPLoS-tenestetype 11: Omsorgstønad.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Omsorgstønad er eit pårørandestøttetiltak som skal bidra til gode rammer for privat omsorg og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet• Omsorgstønad er meint å gje ein økonomisk verdsetjing for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer, og kan gis i kombinasjon med eller i staden for andre helse- og omsorgstenester
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Vilkåra er at:<ul style="list-style-type: none">○ Omsorgsarbeidet er nødvendig○ Det nødvendige omsorgsarbeidet er vurdert til å vere «<i>særleg tyngande</i>»○ Både omsorgsmottakar og omsorgsytar ønsker at omsorgsarbeidet skal halde fram• Moment som vert tatt omsyn i vurderinga om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande:<ul style="list-style-type: none">○ Omfanget av arbeidet○ Fysisk og/eller psykisk belastning○ Varigheit, fordeling over tid og når på døgnet○ Omsorgsytar si livs-, arbeids- og familiesituasjon○ Omsorgsplikt○ Inntektstap (gjev ikkje automatisk rett på omsorgstønad)• For at omsorgstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og nødvendig• Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV• Omsorgstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Både omsorgsytar og omsorgsmottakar kan søke på tenesta• Omsorgstønad vert gitt for ei avgrensa tidsperiode og vert revurdert ved behov/endra omsorgssituasjon• Omsorgstønaden tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjort• Omsorgstønad er skattepliktig inntekt



	<ul style="list-style-type: none">• Timesats for omsorgsstønad er lik begynnarløn for assistentar, jf. HSU-sak 0012/01• Avtale om omsorgsstønad gjev ikkje rett til feriepengar eller løn under sjukdom• Hjelpstønad frå NAV og andre tiltak kjem i fråtrekk ved utmåling av omsorgsstønad• Kommunen kan etter motteke søknad på omsorgsstønad krevje at omsorgsmottakar søker om hjelpstønad frå NAV før søknaden vert handsama• Omsorgsstønaden vert stoppa og det vert sendt skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar fell bort
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Vedtak og avtale om omsorgsstønad vert revurdert innan fristen som er satt for dette.
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gi nødvendig informasjon samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Pliktar å melde frå til einingsleiar eller sakshandsamar dersom:<ul style="list-style-type: none">○ Omsorgsytar oppheld seg i institusjon med heildøgns omsorg eller sjukehus i meir enn to veker. Omsorgsstønaden vert då mellombels stoppa○ Det oppstår endringar i omsorgsarbeidet som ligg til grunn for tildelt omsorgsstønad○ Situasjonen til omsorgsytar endrar seg og det oppstår endringar som medfører avbrot i omsorgsarbeidet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon



3.14 Parkeringsbevis

Type teneste	Parkeringsløyve
Lovgrunnlag	Parkeringsbevis er heimla i vegtrafikklova, FOR 1994-03-15 nr. Forskrift om parkering for forflytningshemmede.
Rettt til klage	Ja. Avslag kan klagast på til kommunestyret.
IPLOS-registrering	Nei.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Lette tilgjenge for personar med forflyttingsvanskar.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Fører av motorvogn som har særleg behov for parkeringslette i samband med bustad, arbeid og/eller annan aktivitet fordi vedkomande ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege seg over noko lengde• Passasjer som har særleg behov for parkeringslette i samband med bustad, arbeid og/eller annan aktivitet fordi vedkomande ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege seg over lengre avstandar• Behovet må vere langvarig, dvs. meir enn 2 år• Legeerklæring må leggast ved søknaden eller ettersendast
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Søknad på eige skjema. Dette finn du på kommune si heimeside eller ved å vende deg til servicetorg og politisk sekretariat• Legeerklæring og passfoto må leggast ved. Obs. at søknaden ikkje vert handsama utan at det ligg føre legeerklæring• Parkeringsløyve vert gitt for minimum 2 år og maks 5 år• Det er ikkje nødvendig med ny legeerklæring ved fornying• Ved misbruk av parkeringsløyvet kan kommunen dra det inn
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar tek ansvar for at legeerklæring vert sendt.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.15 Personleg assistanse

3.15.1 Praktisk bistand - daglege gjeremål (heimehjelp)


Type teneste	Praktisk bistand daglege gjeremål (heimehjelp)
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 b. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 1: Praktisk bistand – daglege gjeremål.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande sats. Årleg revidering av satsane, jf. statlege satsar og kommunestyrevedtak.
Mål for tenesta	Praktisk bistand er for personar som har behov for hjelp til daglege gjeremål, til dømes husarbeid. Personar med nedsett funksjonsevne får nødvendig hjelp slik at dei skal kunne bu heime lengst mogleg.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Søkar må grunna sjukdom, nedsett helse eller funksjonsnedsetting ha behov for hjelp til å ivareta nødvendig stell av eigen bustad• Det vert vurdert om andre i husstanden kan utføre husarbeidet
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Nødvendig og funksjonelt utstyr til vask og reingjering må vere tilgjengeleg• Tenesta vert utført på kvardagar• Tenesta vert utført i samsvar med vedtaket, og reingjering vert vanlegvis utført i 1-2 timar annakvar veke• Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagar• Tenesta inkluderer hjelp etter behov til:<ul style="list-style-type: none">○ Vanleg reinhald av rom som dagleg er i bruk; støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/toalett. Reinhalddet vert berre utført på flater som er lett tilgjengeleg○ Innvendig reinhald av kjøleskap og mikrobølgeovn○ Skifte av sengekle○ Sette inn, starte og tømme oppvaskmaskin○ Vask av kle i vaskemaskin og hjelp til å henge opp



Oppgaver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Risting av mange eller store/tunge golvteppe• Storreingjering og vask av vindauge (må ordnast privat)• Rydding og reingjering av rom som ikkje er dagleg i bruk• Førebuing til besøk eller opprydding/oppvask etter gjester• Reingjering av trappar, gangar eller andre fellesareal i burettslag eller blokker• Snømåking• Hjelp til dyrehald• Flytting• Handling av daglegvarer
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Held lovfesta teieplikt• Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim som fremjar godt samarbeid og god kommunikasjon• Følge krav til HMS-reglar i heimen, til dømes ikkje å bruke stige/krakk for å reingjere i område over «skulderhøgde»• Gje tenestemottakar beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlyst• Tenesteytar gjer ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket kan bli endra i takt med dette
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Har utstyret det er behov for, t.d. vaskemiddel, klutar, mopp, støvsugar og liknande• Har flytande såpe og tørkerull tilgjengeleg for personalet til å utføre handhygiene• Bidreg sjølv så langt det er råd ut frå funksjonsevne• Tenestemottakar eller pårørande er tilstade når arbeidet vert utført med mindre anna er avtalt• Gje tenesteytar beskjed snarast råd om du ikkje kan ta i mot hjelpa, seinast dagen før kl. 12. Dersom beskjed ikkje vert gitt må du likevel betale for planlagt oppdrag• Samarbeide dersom behov for hjelpemiddel i heimen for å ta i vare fysisk arbeidsmiljø til tenesteytar• Heimen til tenestemottakar er tenesteytar sin arbeidsplass. Det er difor viktig at:<ul style="list-style-type: none">○ Tenestemottakar og tenesteytar har gjensidig respekt for kvarandre○ Heimen er godt utlufta dersom du røyker, og at det ikkje vert røykt når det vert ytt tenester○ Husdyr er ute av bustaden eller i andre rom når tenesta vert ytt



	<ul style="list-style-type: none">○ Tenestemottakar respekterer at tenesteytar har teieplikt• Dersom tilhøva i bustaden er av slik karakter at det utgjør helsemessig risiko for personalet kan kommunen krevje at tenestemottakar sørger for opprettande tiltak (grundig opprydding og/eller nedvask) før praktisk bistand vert sett inn. Døme kan vere smittenedvask utført av profesjonelle• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta og strødd fram til inngangen av huset slik at tenesteytar kjem fram
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon





3.15.2 Praktisk bistand - Opplæring; daglege gjeremål (målretta miljøarbeid)

Type teneste	Praktisk bistand opplæring
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 b. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 2: Praktisk bistand – Opplæring daglege gjeremål.
Kostnad	Det er ikkje krav eigenbetaling.
Mål for tenesta	At tenestemottakar med dette tenestetilbodet i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål og halde ved like funksjonar og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Dersom tenestemottakar har behov for tilrettelegging eller opplæring i dagleglivets gjeremål kan vedkomande få innvilga praktisk bistand opplæring, her også målretta miljøarbeid • Tenesta er for personar som treng opplæring, rettleiing eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla eller som treng hjelp med å organisere kvardagen sin
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Praktisk bistand opplæring kan tildelast som målretta miljøarbeid. Dette er ein metode for å gjere tenestemottakar i stand til, med sine eigne ressursar, å ivareta daglege aktivitetar og trene på å bli betre i stand til å ivareta dette sjølv • Omfang, formål og tidsavgrensing vert presisert i vedtaket • Det vert i løpet av vedtaksperioden vurdert om tenestemottakar sitt behov for bistand står i stil med tildelte timar
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> • Praktisk bistand til gjeremål som tenestemottakar ikkje tek del i sjølv eller trenar på å meistre sjølv.
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim • Gir beskjed i rimeleg tid dersom avtalar vert utsett eller avlyst • Gjer ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket vert endra i takt med dette
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Tek aktivt del i utføringa av gjeremåla som skal gjerast.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon



3.15.3 Praktisk bistand - Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Type teneste	Brukarstyrt personleg assistent (BPA)
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-8. Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a og 2-1 d
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 3: Brukarstyrt personleg assistent.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande sats for den delen som handlar om praktisk bistand til daglege gjeremål. Årleg revidering av satsane, jf. statlege satsar og kommunestyrevedtak.
Mål for tenesta	Bidra til at personar med store funksjonsnedsettingar eller som har eit stort hjelpebehov i dagleglivets aktivitetar får eit aktivt og mest mogleg sjølvstendig liv.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Søkar må vere under 67 år og ha eit stort og langvarig (meir enn 2 år) behov for hjelp. Personar med assistansebehov over 25 timar per veke kan få tenestene sine vurdert organisert som BPA• Funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ei slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA og ikkje meir tradisjonelle tenester som t.d. praktisk bistand og støttekontakt• Tenestemottakar evner å ivareta arbeidsleiarrolla. Alternativt ha ein person som kan fungere som medarbeidsleiar
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for menneske med funksjonsnedsetting og med stort og langvarig behov for bistand i dagleglivet• Enkle helsetenester kan leggest inn i BPA, men tid til helsetenester skal ikkje takast med i utrekninga om søkar har rett på å få tenestene organisert som BPA eller ikkje• BPA byggjer på prinsippet om brukarstyring• Vedtaket kan bli forlenga om det vert fatta før fylte 67 år• Arbeidsgjevaransvaret i BPA-ordninga kan takast i vare av ekstern tenesteleverandør godkjent av Hareid kommune. Tenestemottakar må sjølv velje kva leverandør vedkomande vil ha til å drifte ordninga ut frå dei leverandørar kommunen har avtale med• Kommunen har det overordna ansvar for kontroll av BPA -ordninga t.d. når det gjeld kvaliteten på tenesteytinga, forsvarlegheit og arbeidstilhøva til



	assistentane. Kontrollen skal gjennomførast årleg og skal varslast på førehand med brev
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Tenester som krev fleire enn ein tenesteytar til stades, eller nattenester, med mindre brukaren kontinuerleg har behov for slike tenester• Hjelp i høve skule og arbeid• Personar som får tildelt teneste må vere i stand til å ta arbeidsleiarrollen eller ha ein nærstående person som kan vere medarbeidsleiar• Retten gjeld så lenge tenestemottakar oppheld seg i kommunen
Forventningar til tenesteytar	Rutine for årleg kontroll og oppfølging av BPA til tenestemottakar, arbeidsleiar og leverandør <ul style="list-style-type: none">• Gi tenestemottakar nødvendig informasjon og bistand til å skaffe seg BPA frå ønska leverandør godkjent i Hareid kommune etter at vedtak er fatta
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Inngår skriftleg kontrakt med Hareid kommune og leverandør• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Disponerer tildelte timar etter vedtak og lova sitt føremål• Heimen er tilrettelagt for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø og eventuelt tek initiativ til, eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad• Gi kommunen tilstrekkeleg innsikt i BPA-ordninga for å kunne kontrollere at tenestetilbodet er fagleg forsvarleg og at leverandør følger gjeldande lovverk
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.16 Rehabilitering i institusjon

Type teneste	Rehabilitering i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6 c. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 pkt.5.
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 19: Tidsavgrensa opphald: Re-/habilitering.
Kostnad	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphald i institusjon jf. Vederlagsforskrifta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følge av sjukdom eller skade• Tverrfagleg samarbeid med tenestemottakar i sentrum der denne sine mål er avgjerande for tenesteytinga• Tenestemottakar skal oppleve meistring og myndiggjerast til å ta del i eiga rehabilitering og overføre dette til andre aktivitetar i sin kvardag• Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode med formål om å sete tenestemottakar i stand til å gjenvinne eller betre funksjonsnivå og evne til eigenomsorg• Tenestemottakar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopphald
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Det må føreligge eit potensiale for rehabilitering• Tenestemottakar har eit rehabiliteringsbehov som fortrinnsvis ikkje krev rehabilitering på 2. eller 3. linjenivå• For å ha rett på rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha behov for tverrfagleg rehabilitering og behovet må vere slik at tenestene ikkje praktisk kan ytast i tenestemottakar sin heim• Tenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering og må vere i stand til å yte eigeninnsats og brukarmedverknad i rehabiliteringsprosessen• Tenestemottakar må vere tilstrekkeleg medisinsk utgreia
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Tidsavgrensa opphald – rehabilitering er tverrfagleg tilnærming med fokus på fysisk, psykisk og sosial meistring og funksjonsauke innan dei arenaer tenestemottakar oppheld seg mest. Dette inkluderer kartlegging og tilrettelegging av omgjevningar



	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar må ha med seg nødvendig personleg utstyr og hjelpemiddel (dersom eininga ikkje har slike hjelpemiddel tilgjengeleg)• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå rehabiliteringsopphaldet• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet kan heimetenesta bidra med å bestille transport via Pasientreiser. Personalet på eining kan bestille transport heim
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptre på ein respektfull måte• Samarbeidar med tenestemottakar om målsetting for opphaldet• Legg til rette for at tenestemottakar gjennom målretta tverrfagleg samarbeid får nytta og trene opp eigne ressursar slik at dei kan reise heim til eigen bustad etter opphaldet• Sjukeheimslege vurderer tenestemottakar ved innkomst, og gjev oppfølging og tilsyn etter behov under opphaldet
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Formidlar gjennom målsettingsarbeidet kva som er viktig for han/ho å oppnå under opphaldet• Utfører sjølv det han/ho meistrar, både saman med personalet og på eige initiativ• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket• Sørger for at private klede er merka med namn
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.17 Psykisk helseteneste

Type teneste	Psykisk helse og rus
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2. 6 a. Lov om pasient og brukerrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 250: Psykisk helse/rus.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• At mennesket i størst mogleg grad skal kunne meistre eige liv, og oppleve verdigheit• Bidra til å skape gode levekår for menneske som har behov for helsehjelp innan psykisk helse og rus gjennom å formidle tru på betring, moglegheit til å ta eigne val og påverke eige liv
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar har utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus• Tenestemottakar er i krise eller i sorg• Tenestemottakar er pårørande til nokon med psykisk helse og/eller rusutfordringar
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Tenesta for psykisk helse og rus tilbyr tenester til menneske med psykiske – og /eller rusutfordringar, menneske i krise og sorg og til pårørande• Tenesta skal bidra med støtte og hjelp til menneske som står i fare for å utvikle, har varig eller midlertidig nedsett evne til eigenomsorg.• Målgruppa er i hovudsak aldersgruppa 18 år og oppover, men det vert og drive arbeid retta mot psykisk helse i barnehage og skule• Tenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta, helsestasjon, skulehelseteneste eller ved å ta direkte kontakt med tenesta. Bruk helst kommunen sitt søknadsskjema• Innhaldet i tenesta kan vere, til dømes:<ul style="list-style-type: none">○ Førebyggjande arbeid○ Koordinering av tenester og ev. utarbeiding av individuell plan○ Kartleggingsarbeid○ Nettverksbygging○ Støttesamtalar○ Strukturering av kvardagen○ Aktivisering○ Innsøking til rusbehandling og tilvising til andre instansar○ Oppfølging av gravide rusmisbrukarar○ Tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige



	<ul style="list-style-type: none">○ Økonomisk rettleiing○ Tverrfagleg samarbeid med Nav kring IPS○ Utlevering av brukarutstyr etter individuelle avtalar
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Vekking og transport til skule og/eller arbeid.• Praktisk bistand (utan opplæring)
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt overfor tenestemottakar• Tilbyr fast kontaktperson så langt det let seg gjere• Kontakt innan tre veker etter mottatt søknad• Individuell oppfølging, jf. enkeltvedtaket• At tenesta tenkjer familie og nettverk• At tenesta held avtaler
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Har eit eigendefinert ønske om hjelp• Held avtalar• Gjev beskjed i god tid dersom du vert hindra i å møte
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.




3.18 Støttekontakt

Type teneste	Støttekontakt
Lovgrunnlag	<p>Lov om kommunale helse- og omsorgstjeneste § 3-2, 6 b.</p> <p>Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a.</p>
Retten til klage	Klage etter Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	<p>Ja.</p> <p>IPLOS tenestetype 9: Støttekontakt.</p>
Kostnad	<p>Det er ikkje krav om eigenbetaling.</p> <p>Tenestemottakar må sjølv dekke utgifter for aktivitetar saman med støttekontakta. Til dømes mat på kafé, kontingent på treningsstudio m.m.</p>
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Støttekontaktordninga har som målsetting å bryte isolasjon og auke sosialt samvær og deltaking i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar • Tenesta skal medverke til å auke tenestemottakar si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til ei meningsfull fritid
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Søkar har behov for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller har lite sosialt nettverk og behov for bistand for å ha sosial kontakt med andre • Bebuar i omsorgsbustad med heildøgns bemanning /institusjonsopphald er ikkje i målgruppa for tildeling av støttekontakt.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Det vert ikkje stilt formelle kvalifikasjonskrav til støttekontaktar og ordninga skal difor ikkje nyttast til å dekkje krevjande omsorgsbehov • Det kan vere vanskeleg å rekruttere støttekontaktar • Tenestemottakar kan kome med forslag til personar som kan vere støttekontakt for seg • Støttekontakt får dekt inntil kr 200 per måned i køyregodtgjerse. Køyring utover dette må tenestemottakar sjølv betale for.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> • Det vert ikkje ytt støttekontakt til følgjande aktivitetar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Hjelp til lekser ○ Praktisk bistand i heimen
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar • Gir teneste i tråd med vedtak og kontrakt • Gjev melding til tenestemottakar om ein ikkje kan møte til avtalen
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer respektfullt i møte med støttekontakta • Tek aktivt del i tiltaket • Gjev melding til støttekontakta i god tid når ein ikkje kan møte til avtaler



Merknad

Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.





3.19 Tilrettelagd transportordning TT- kort

Type teneste	TT-kort
Lovgrunnlag	Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Møre og Romsdal fylkeskommune har overordna ansvar og har utarbeidd egne retningslinjer. Hareid kommune handsamar søknadar om TT-kort i samsvar med desse.
Rettt til klage	Nei.
IPLOS-registrering	Nei.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Ordninga skal medverke til at personar med funksjonsnedsetting skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Personar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting har store vanskar med å nytte offentleg transportmiddel • Søkar må ha ei varig fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting, det vil seie minimum eitt år • Varig forflyttingsnedsetting knytt til visse delar av året • Kriterier som ikkje er grunnlag for tildeling: <ul style="list-style-type: none"> ○ Mangel på offentleg transport ○ Naturleg alderdomssvekking utan anna funksjonsnedsetting
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilrettelagt transport (TT-ordninga) er eit tilbod om drosjetransport til personar som har varig forflyttingsnedsetting • Søknad på eige skjema. Legeattest eller attest frå fysioterapeut eller ergoterapeut må leggest ved • TT-ordninga skal berre nyttast til lokale fritidsreiser og ikkje til sjuketransport, legebepesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som vert dekt av folketrygda • Brukar som har behov for følge kan ha med ein hjelpar utan ekstra kostnad • Kommunen godkjenner brukarar av transporttenesta etter søknad på fastsett søknadsskjema. Skjema finn du på heimesida til Hareid kommune eller Møre og Romsdal fylkeskommune. Erklæringa MÅ fyllast ut. Det er ikkje tilstrekkeleg med berre eit skriv frå legen • Verdikort/brukarkort skal ikkje fornyast. Det vert automatisk fylt på 2 gonger per år (1/1 og 1/7) • Det står i vedtaket dersom det har avgrensa lengde • Eventuelt restbeløp per 30/6 vert overført til 2. årshalvdel • Eventuelt restbeløp på kontoen vert nulla ut ved årsslutt



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• At de tek godt vare på TT-kortet sitt, og bestiller sjølv nytt ved tap av kort. Kontakt servicetorg og politisk sekretariat i kommunen for hjelp
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon




3.20 Tryggleiksalarm

Type teneste	Tryggleiksalarm
Lovgrunnlag	Tenesta kan ytast som eit førebyggjande og trygghetsskapande tiltak eller den kan ytast som helsehjelp etter Lov om helse og omsorgstenester § 3-2. 6 b og Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1 a.
Rettt til klage	Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetypen 6: Tryggleiksalarm.
Kostnad	Eigenandel etter fastsett pris per månad når alarm er innvilga som eit servicetilbod. Dersom alarman er innvilga som nødvendig helseteneste etter helse- og omsorgstenestelova er ikkje høve til å krevje eigenandel.
Mål for tenesta	Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og bidra til vedkomande kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriterier for tildeling	Heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetting kan bli tildelt tryggleiksalarm ut frå desse kriteria: <ul style="list-style-type: none">○ Tenestemottakar kjenner seg utrygg pga. sjukdom eller funksjonsnedsetting○ Tenestemottakar har behov for å tilkalle hjelp pga. sjukdom og funksjonsnedsetting○ Tenestemottakar forstår bruken av alarman og meistrer å bruke alarmknappen
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Før du får installert alarm i heimen må du levere nøkkel til heimetenesta• Tryggleiksalarm er ei ordning der du kan kome i kontakt med heimetenesta i ein akutt eller alvorleg situasjon der du treng hjelp• Tenesta består av ein alarmboks, ein alarmknapp og alarmteneste frå heimetenesta
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Alarm vil bli montert så snart vi har kapasitet etter at søknad er innvilga• Gi rettleiing og opplæring• Tek raskt kontakt via alarmboks eller telefon når tenestemottakar utløyser alarman.• Rykker raskt ut til heimen dersom det ikkje oppnås kontakt• Dersom pårørande/naboar tek del i varslingskjeda vil tenesteytar ta kontakt med pårørande/nabo når alarman er utløyst og be vedkomande ta kontakt



Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Må levere nøkkel til heimetenesta, dørkode eller montere nøkkelboks ved inngangsdøra før tenesta kan starte• Må bære alarmknappen heile døgnet anten i halssnor eller rundt handledet• Alarmen vert berre nytta ved akutte eller alvorlege situasjonar, t.d. ved fall, skade eller sjukdom• Erstattar alarmknappen/alarmboksen om den vert mista eller øydelagt med vilje. Dette skjer via fakturering frå kommunen
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.





3.21 Velferdsteknologi

Type teneste	Velferdsteknologi
Lovgrunnlag	Tenesta kan ytast som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak (serviceteneste) eller den kan ytast som helsehjelp etter Lov om helse og omsorgstenester § 3-2 6 b og Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1 a.
Rett til klage	Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.
IPLOS-registrering	IPLOS-tenestetypen 26: Varslings- og lokaliseringsteknologi. Rapportering til IPLOS er avgrensa til GPS.
Kostnad	Kostnad etter fastsett pris per månad når tenesta er innvilga som serviceteneste. Når tenesta er heimla i lov vert det ikkje teke eigenbetaling.
Mål for tenesta	Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende, meistring og/eller rørslefridom for pasient/brukar og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Sjukdom, lyte eller anna som gjer det nødvendig med teknologisk støtte • Tiltaket gjev pasient/brukar minst ein av følgjande: <ul style="list-style-type: none"> ○ auka tryggleik ○ førebygging av skade/ulykke ○ høve til å bu lenger i eigen heim ○ meir sjølvstende og meistring ○ meir sosial kontakt ○ auka tryggleik for pårørande ○ meir rørslefridom utan at brukar utset seg for risiko ut over det normale • For lokaliseringsteknologi (GPS) til heimebuande må brukaren ha pårørande som varslingsmottakar • For lokaliseringsteknologi (GPS) må pasient/brukar ha tilstrekkeleg trafikkforståing til å kunne ferdast i dei aktuelle omgjevnadane på eiga hand • Nokre teknologiske løysingar vil vere ein del av bygningskonseptet i bustad eller institusjon, eller ein del av tilbodet i ei teneste. Vi legg til grunn eit samtykke når de vel å takke ja til ei teneste der velferdsteknologi inngår. Dette gjeld til dømes medisindispensar i heimetenestene og digitale tilsyn ved enkelte heildøgntilbod
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Velferdsteknologitilbodet består av: <ul style="list-style-type: none"> ○ tryggleiksalarm (sjå eiga side) ○ passiv varslingsanlegg ○ pasientvarslingsanlegg ○ medisindispensarar ○ digitale tilsyn ○ lokaliseringsteknologi (GPS) • Passiv varslingsanlegg består av sensorar som sender varslingsanlegg via tryggleiksalarm, pasientvarslingsanlegg eller



	<p>teknologi for digitalt tilsyn. Det er ikkje pasienten/brukaren som utløyser alarmen bevisst, men teknologien som detekterer fare/hendingar og varslar automatisk. Døme på passiv varsling er:</p> <ul style="list-style-type: none">○ dørsensor○ bevegelsessensor○ varslingsmatte til seng/stol○ ute-av-seng-varsel○ fallsensor <ul style="list-style-type: none">• Passiv varsling i eigen heim kan krevje at ein har teneste tryggleiksalarm i tillegg ettersom mange av sensorane koplast til ein tryggleiksalarm• Lokaliseringsteknologi (GPS) nytter GPS-teknologi og mobilnett. Produkta har også alarmfunksjon som utløysast automatisk eller som brukar utløyser sjølv, og dei har to-veis talefunksjon. Kan brukast for å varsle om at pasientar med demens forsvinn frå institusjonsområdet eller heimen. Teknologien vert nytta til å lokalisere dei og lede dei heim att. Heimebuande må ha pårørende som varslingsmottakar• Elektroniske medisindispensarar disponerast av heimebaserte tenestene• Digitale tilsyn er i bruk på enkelte einingar i institusjon og omsorgsbustader. Det kan også bli tatt i bruk i private heimar og bustader for funksjonshemma• Personvern og minimalt av logging/lagring av særskilte personopplysningar
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Teknologien vert montert så snart vi har kapasitet etter at behovet er avdekt og nødvendig kartlegging og tilpassing er utført• Gi rettleiing og opplæring• Når alarmer vert utløyst vil aktuell teneste følge opp varselet og handtere situasjonen ut frå gjeldande prosedyrar• Feilretting etter gjeldande prosedyrar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar• Gi melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad• Utstyret vert behandla forsvarleg
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.



3.22 KAD (kommunalt akutt døgnopphald)

Type teneste	KAD – Kommunalt akutt døgnopphald
Lovgrunnlag	<p>Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-5, tredje ledd. Ved tildeling av kommunal øyeblikkeleg hjelp døgnplass gjeld ikkje Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker sine regler om enkeltvedtak, jf. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-7 første ledd.</p>
Rett til klage	Nei.
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetypen 25: KAD – Kommunalt akutt døgnopphald.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Gje tilbod om akutt-/strakshjelp på institusjonsnivå når det er vurdert som fagleg uforsvarleg at vidare hjelp vert gitt i heimen
Kriterier for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestemottakaren må sjølv ønske eit tidsavgrensa opphald i institusjon, eller ein må vurdere samtykkekompetansen • Tenestemottakarar skal ha ein avklart medisinsk situasjon ved innlegging skal lege ha utarbeidd eit innleggingsnotat jf. Interkommunal orientering om bruk av KAD-plass • Opphaldet kan vare inntil 3 døgn, men kan verte omgjort til betalingsopphald før dersom det er heilt klart at tenestemottakar ikkje kan reise heim etter endt opphald
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Fastlege, legevaktslege og lege i akuttmottak kan legge inn pasientar på KAD-plass etter å ha konferert og gjort avtale med KAD-ansvarleg sjukepleiar • Tenesta er døgnopphald for tenestemottakar som har behov for akutt-/øyeblikkeleg hjelp • Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsopphald • Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet, kan ein bestille transport via Pasientreiser og betale eigenandel
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none"> • Transport til/frå opphaldet • KAD skal ikkje erstatte ei nødvendig sjukehusinnlegging
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Opptrer på ein respektfull måte • Følger opp plan frå innleggande lege, eventuelt ber om nødvendige opplysningar • Legg til rette for at tenestemottakar under opphaldet får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar